

Uturvande og tildekkjande

Det som kunne ha vorte kjent som ei frigjerande raljering for tjuefem år sidan, vert i dag pinlege vranglesingar av dommen over Treholt.

SAKPROSA

KAJ SKAGEN:

Retten som ingen kunne målbinde. En forsvarstale for Arne Treholt

BOKVENNEN 2011

Eg var tretten år då Treholt-dommen fall i Eidsivating lagmannsrett i juni 1985, og bare to månader eldre då Kaj Skagen publiserte *Retten som ingen kunne målbinde. En forsvarstale for Arne Treholt*. Men dersom eg hadde vore professor i retts historie den gongen òg, og ikkje ein ungdom med «Fantomet» som favorittlesnad, ville eg truleg ha skrivne at boka ikkje bare var eit friskt pust, men ei turvande motvekt til det rådande synet på Arne Treholt og dommen over han. Når boka no vert utgjeven på nytt tjuefem år seinare, i ei tid då Lasse Qvigstad har vorte ein meir kontroversiell person både i det offentlege rommet og i augo på staten enn Treholt, vil eg fella ein heilt annan dom.

Det kan høyrast underleg ut at ei og same bok skal vurderast heilt ulikt med tjuefem års mellomrom. Så lat meg forklara det med ein analogi. Det er ikkje ufjelgt at ein fotballtilhengjar midt under ein spanande kamp ropar «dommaren er ein kødd». Men slike ukvemsrop vil derimot stå fram som ganske aparte dersom dei vert tekne opp att dagen etter fotballkampen når meir balanserte vurderingar etter kvart bør ta plassen til emosjonelle utbrot.

KONTEKSTEN

For jamvel om Treholt-saka framleis har ein aktualitet, har kon-

teksten endra seg radikalt. Og jamvel om nytutgjevinga av *Retten som ingen kunne målbinde* har eit nyskrive og fylldig innleiingsessay og ein del forklarande fotnotar, er hovudinnhaldet det same i dag som då Skagen gav ut boka for fyrste gong i 1985. Det som kan ha vorte kjent som ei frigjerande raljering for tjuefem år sidan, vert i dag pinlege vranglesingar av dommen over Treholt.

No er Skagen heilt klar på at han meiner at Treholt har gjort seg skuldig i brot på lover og reglar, jamvel om han ikkje var nokon spion. (Som for så vidt er det same som Treholt har vedstått seg.) Han teiknar heller ikkje noko sympatisk bilete av ein mann som meir vert framstilt som ein playboy-type enn ein trufast statstenestemann.

Men den viljen til ei balansert framstilling misser Skagen når han skal visa kor riv ruskande galen dommen over Treholt er. I den samanhengen kjem han med påstandar om at dommarane byggjer på eit «imbisilt» bilete av Treholt, gjer feilslutningar fordi dei ikkje har følgd med i undervisninga på førebuaende på universitetet, at slutninga deira ved eit høve er «intellektuelt uredelig», og elles påstår Skagen at dommen er mangelfull, sjølvmotseiande, fordomsfull, opportunistisk, etc.

Desse karakteristikkane vert presenterte i samband med raljeringane, som til tider er underhaldande, og Skagen viser ei uvanleg velutvikla evne til å formulera giftige retoriske stikk. Som når han raljerer med at det i dommen står at Treholt brekte seg då han vart konfrontert med biletet av seg sjølv, Titov og Lopatin på gata i Wien, samstundes

som retten litt etter slår fast at Treholt hadde full kontroll over forhørssituasjonen: «Det beviser bare at spionen, foruten å ha gått i KGBs teneste, også i ytterste dølgsmål har gått i lære hos de indiske yogier, som stadig behersker den gamle kunsten å kontrollere innvollene med bevissheten.» Slik får Skagen lesaren til å rista på hovudet saman med seg over dommarar som han meiner har forsømt si spesialundervisning i norsk.

MØNSTERET

Problemet er at når ein les dommen på dette punktet med eit snev av velvilje i staden for akutt vrangvilje, så gjev det som er skrivne mening. Poenget er at Treholt trass i det fyrste sjokket ikkje kom i ein sjokktilstand. Og slik er det med alle av Skagens raljeringar – dei er latterleggjerande fordi dei er tekne ut av sin kontekst og tendensiøst lesne og framstilte.

Dermed kunne denne bokmeldinga avsluttast med eit råd til lesaren om å lesa dommen i staden for *Retten som ingen kunne målbinde*. Rådet står eg ved, men eg kan ikkje avslutta enno. Årsaka er at Skagen har fleire gode poeng som bør diskuterast meir inngående. For justismord skjer. Og når dei skjer, følgjer dei stort sett same mønster: Retten vert for oppteken av å framheva det som bidreg til ei koherent forteljing av det som har skjedd, og overser eller spelar ned det som øydelegg einskapen.

Føremålet med Skagens bok er nettopp å problematisera den forteljinga Eidsivating lagmannsrett fortel i dommen over Treholt. (Og det er det gode grunnar til, noko

eg snart kjem tilbake til.) Skagen raljerer sin vane tru over at retten skriv ei forteljing, og at forteljinga ikkje er psykologisk djuploddande. I staden kunne Skagen ha halde fram rettens dilemma ved at han kan missa motprova av syne i iveren etter å laga ei koherent forteljing, samstundes som han må konstruera ei forteljing på bakgrunn av framlagde prov. For det fyrste er det ikkje mogleg å visa at dei objektive og subjektive straffevilkåra til eit straffebod er oppfylte utan å skriva ei forteljing. For det andre må forteljinga vera nøktern, òg på det psykologiske planet, dersom ho ikkje skal verta spekulativ. Dette er eit betre tema for ei bok om Treholt-saka i 2011 enn ein tirade av raljeringar.

FÅ PROV, MANGE INDISIUM

Det er eit anna viktig poeng som må haldast fram før denne bokmeldinga kan avsluttast. Jamvel om Treholt-dommen ikkje er latterleg, er han ikkje uproblematisk. Det går fram av dommen at retten knapt feste nokon lit til Treholts forklaring på dei mange provelementa som påtalemakta la fram. Jamvel om desse prova samla gav grunnlag for dommen, var det få av dei som var tunge. Til dømes finst det knapt handfaste prov for at Treholt gav frå seg informasjon som kunne setja tryggleiken til riket i fare. Det som gjorde at prova samla heldt til domfelling, var mange indisium, som vil seia støtteprov.

Til dømes er det viktig at Treholts framferd var så mistenkjelig at retten kunne operera med figuren «konspiratorisk mønster». Dei mange hemmelege møta med personar som Treholt



Skagen har fleire gode poeng som bør diskuterast meir inngående.

burde vita var agentar, spela her ei viktig rolle. Det er òg viktig for dommen at Treholt hadde hatt tilgang på hemmeleg informasjon, og at noko av denne informasjonen fanst på heimekontoret hans. Vidare er det viktig at Titov var ein høgare offiser i KGB som ikkje sjølv ville ha teke bryet med å møta og samtala med kven som helst. Og til slutt at ein fann pengar i Treholts husvære som det ikkje fullt ut kunne gjerast greie for.

På denne bakgrunnen vart Treholt dømd. Men lat oss seia at pengeprovet, og/eller framstillinga av det, har vorte tukla med. I så fall reduserer det truverdet til etterretningstenesta. Og provverdien av det konspiratoriske mønsteret og forklaringa på at Titov tok seg bryet med å møta Treholt, er delvis tufta på at retten har hatt tillit til det spionverdsbiletet som vart teikna av etterretningstenesta. Dersom denne tilliten fell bort, så fell òg mykje av grunnlaget for dommen over Treholt bort. Men om det er vanskeleg å rekonstruera fortida, er det håpløst å spå om framtida. Så når det gjeld dette punktet, får ein bare venta og sjå kva som vil skje.

SKULDIG

Det som er diskutert på slutten av denne bokmeldinga, er perspektiv som ikkje er fråverande i Skagens bok. Men dei forsvinn i raljeringa. Min dom i denne bokmeldinga vert difor: Trass i fornestefull innsats for den offentlege debatten i 1985 er Skagen i 2011 skuldig i uturvande og tildekkjande raljering.

JØRN ØYREHAGEN SUNDE

Jørn Øyrehagen Sunde er professor i retts historie ved Universitetet i Bergen og forfattar av *Høgsteretts historie 1965–2015*.



WIEN 20. AUGUST 1983: Frå spionmøtet i Wien mellom (f.v.) Arne Treholt og russarane Gennadij Titov og Aleksandr Lopatin – eit viktig prov i rettssaka mot Arne Treholt der han vart dømd for spionasje. Foto: Scanpix